

Vi syner til brev dagsett 30.03.15 og etterspurnad om uttale til oppstart av planarbeid. Vi svarte på denne i mail 21.01.15. Dersom de ikkje har fått vårt svar i saka, ber vi om orsak for dette. VI skreiv følgjande:

Vi syner til brev dagsett 13.01.2015 og varsel om oppstart av detaljregulering for utbedring av fylkesvei 57 samt gang- og sykkelveg.

Fylkesmannen legg til grunn at planarbeidet er i samsvar med overordna plan og at det ikkje er i strid med nasjonale føringar for arealpolitikken. I følgje markslagkart AR5 er det ein god del jordbruksareal langs vegen. Vi ber om at det vert vist omsyn til dette i vidare planlegging.

Fylkesmannen poengterer at alle planar etter plan- og bygningslova skal inkludere vurdering av folkehelseperspektivet, jf. plan- og bygningsloven §3-1. Planlegginga skal vere helsefremjande gjennom å fremje faktorar som styrkjer helsa og livskvaliteten, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova §4. Eit sentralt element i folkehelsesatsinga er å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve, jf. Regional plan for folkehelse 2014-2025. Alle planar krev god medverknad og barn og unge skal vere høyrd og teke omsyn til i planprosessen.

Vi minner vidare om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, og at dette må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

Fylkesmannen vil elles gjere merksam på at ROS-analysen må nytte akseptkriteria som er i tråd med byggteknisk forskrift (TEK 10). Analysen må vidare, som presisert i plan- og bygningslova, sjå på risiko både innanfor og utanfor planområde som kan påverke tiltaket, og eventuell endra risiko som følgje av tiltaket.

På nettsida www.miljokommune.no kan ein hente nyttige tips til planlegging.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet.

mvh

Jan Vidar Voster
Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
Fylkesmannen i Hordaland